



Notat

Dato: 21.08.2018
Arkivsak: 2018/10713-4
Saksbehandlar: jonsmor

Til: Utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tillegg til sak - omklassifisering av vegar i Bømlo kommune

Sak om omklassifisering av vegar i Bømlo kommune vart utsett i møte i utval for miljø og samferdsel 15.08.2018. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Saka vert utsett. Utval for miljø og samferdsel ber om skriftleg og munnleg orientering i neste møte.»

Fylkesrådmannen vil med dette gje ei skriftleg orientering. I møte 5. september vil det bli gitt ein munnleg orientering som utdjupar denne skriftlege orienteringa.

Retningslinjer, rundskriv og andre føringar

Fylkesrådmannen har oppfatta det slik at det er eit ønskje om meir informasjon om kva retningslinjer, rundskriv og andre føringar som er lagt til grunn ved vurdering og tilråding til omklassifiseringsaker, og då spesielt fv.542 Stokkabekken – Siggjarvåg i Bømlo kommune, som vart stilt spørsmål rundt i møte 15.08.2018.

Føremål med omklassifisering er å plassere ansvar for vegen. Endringar av status vert gjort gjennom formelle vedtak etter veglova. Vedtaket får verknad for kven som har mynde over vegen og har ansvar for drift og vedlikehald.

Omklassifisering er aktuelt:

- når det vert bygd ein ny veg som overtar den gamle vegen sin funksjon
- som følgje av reguleringsplan
- eller ved gjennomgang av vegens funksjon.

Eksterne krav:

- Vegloven Kapittel I. §3, §4, §7 og §8
- Forvaltningsloven
- Planomtale til reguleringsplan (ID:201213) Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvåg

Interne krav:

- Statens vegvesen sitt kvalitetssystem for omklassifisering av vegar.
- NA-rundskriv 1997/13 Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres og reviderte retningslinjer (ligg ved som eigne vedlegg i utsett sak).
- Statens vegvesen sine handbøker. Krav til teknisk utføring av tiltak følgjer til ein kvar tid gjeldande handbok.

- Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985 med følgjande hovudpunkt:
 - «
 - a) *Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar)*
Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene
 - b) *Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)*
Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betyding
 - c) *Spreidtbygde - / grisgrendte områder*
Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betyding.

For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område.

«

Hjelpedokument:


- Opptak, nedleggelse og omklassifisering av vegar (ligg ved som eige vedlegg i utsett sak).

Det kan og nemnast at fylkeskommunen i 1970 vedtok nokre vilkår om overtaking av kommunal veg til fylkesveg, men dette er ikkje relevant i denne saka sidan det her er snakk om omklassifisering frå fylkeskommunal veg til kommunal veg.

Når det gjeld strekninga Stokkabekken – Brubakken – Katthola, som også vart nemnt i møte 15.08.2018, har fylkesrådmannen i sitt forslag til innstilling gått inn for å behalde mesteparten av vegstrekninga som fylkeskommunal veg, så derfor er ikkje denne strekninga omtala nærare i dette notatet. Her viser fylkesrådmannen til det som står i saka. Hovudårsaka til at fylkesrådmannen tilrår å behalde mesteparten av denne strekninga som fylkesveg, er at det var ein føresetnad for å ikkje byggje gang- og sykkelveg langs den nye fylkesvegen at gamlevegen skulle fyller funksjon som gang- og sykkelveg.

Konkretisering av argument for omklassifisering Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen – gamlevegen

På denne strekninga er innstillinga frå fylkesrådmannen at gamlevegen vert omklassifisert til kommunal veg. I uttalen frå Bømlo kommune går dei imot å omklassifisere gamlevegen til kommunal veg.



I saka står følgjande:

«

Statens vegvesen tilrår at totalt 8729 meter blir omklassifisert til kommunal veg som gjeld følgjande strekningar: Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778, lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496, lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237, lengde 237 meter, Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053, lengde 53 meter

Uttale frå Bømlo kommune:

«Bømlo kommune aksepterer ikkje framlegg til vedtak når det gjeld omklassifisering av dagens fylkesvegnett. Det meste av tungtransporten vil vere bussar som utgjer fylkeskommunal transport. Ein slik veg må vere fylkeskommunal. Vi vil i nærare dialog om denne vegen.

Bømlo kommune har ingen merknader til den delen av framlegg til vedtak som gjeld tilførselsvegar mellom ny og gamal veg. Samla fører dette til omklassifisering av 1026 meter veg til kommunal veg.»

Tilsvar frå Statens vegvesen:

I sitt tilsvar vektlegg Statens vegvesen at det i planomtalen står at når den nye vegtraseen for fv.542 Stokkabekken – Siggjarvåg blir opna, vil den gamle vegtraseen ha funksjon som lokalveg og bli omklassifisert til kommunal veg. I reguleringsplan (ID:201213) for fv.542 – Stokkabekken – Siggjarvåg utarbeida av Norconsult i 2013 står det følgjande på side 23. kapittel 3 – skildring av planen pkt. 3.6 «Endra avkøyrslar og køyremønster»:

«Ved etablering av ny vegtrasé mellom Stokkabekken og Siggjarvåg vert det for busetnad langs gamlevegen ei endring av køyremønster. Den nye vegen vert avkøyrselfri, og på- og avkøyring til

ny veg vert lagt til dei nye kryssområda ved Stokkabekken, Ekornsæter, Skogadalen/Foldrøy og Siggjarvåg.

Eksisterande fylkesveg 542 vil fungere som lokalveg, og vert på sikt omklassifisert til kommunal veg.»

Generelt har Statens vegvesen vektlagt at etter den nye fylkesvegen vart opna i juni 2017 har gamlevegen primært hatt funksjon som tilkomstveg til bustadar.

«

Konkretisering av kvifor fylkesrådmannen innstiller på å omklassifisere gamlevegen til kommunal veg:

1. Det er bygd ny fylkeskommunal veg med god standard frå Stokkabekken til Siggjarvågen og med G/S-veg parallelt med den nye køyrevegen. Den nye vegen dekkjer dei regionale funksjonane som gjennomfartsveg og funksjonen med å binde saman lokale sentra.
2. I reguleringsplan (ID:201213) for fv.542 – Stokkabekken – Siggjarvåg utarbeida av Norconsult i 2013 står det følgjande på side 23. kapittel 3 – skildring av planen pkt. 3.6 «*Endra avkøyrslar og køyremønster*»: «*Ved etablering av ny vegtrasé mellom Stokkabekken og Siggjarvåg vert det for busetnad langs gamlevegen ei endring av køyremønster. Den nye vegen vert avkøyrselfri, og på- og avkøyring til ny veg vert lagt til dei nye kryssområda ved Stokkabekken, Ekornsæter, Skogadalen/Foldrøy og Siggjarvåg. Eksisterande fylkesveg 542 vil fungere som lokalveg, og vert på sikt omklassifisert til kommunal veg.*»

Statens vegvesen og fylkeskommunen vektlegg, om mogleg, å avklare funksjon, vegklasse og eigarforhold vegane skal ha i planprosessen, slik at dette ikkje vert eit diskusjonstema når prosjektet er ferdig. I denne konkrete saka er intensjon om funksjon og eigarforhold nemnt i skildring av planen og fylkesrådmannen meiner dette må vektleggast.

3. Etter den nye fylkesvegen vart opna i juni 2017 har gamlevegen primært hatt funksjon som tilkomstveg til bustadar. Folketalet i områda der gamlevegen ligg er relativt lavt, som fører til ein lav ÅDT, og gamlevegen dekkjer ikkje regionale funksjonar.

Det er her relevant å vise til utdrag av det som står i høringsbrevet som SVV har utarbeida og som er vedlagt saka:

«Den gamle fylkesvegstrekinga har ei lengde på 7703 meter. På strekinga er det fire sambindingar til ny fylkesveg (inkludert start og slutt på ny veg). Etter at den nye vegen opna, er funksjonen til den gamle fylkesvegen i hovudsak tilkomst til bustader langs traséen. Vegen går mellom anna gjennom tettstaden Foldrøyhamn. Tidlegare var dette eit lokalsamfunn med eigen skule, butikk og aktivitet knytt til kaiområda. I dag er det berre bustader att i området. Befolkningstal i områda rundt den gamle fylkesvegen er som følgjer:



Befolkningstal: 69



Befolkningstal: 139



Befolkningstal: 424



Befolkningstal: 7

Det er også relevant å trekke fram følgjande retningslinje som er vist til innleiingsvis:

c. Spreidtbygde - / grisgrendte områder

Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

4. At det går fylkeskommunale bussar på gamlevegen meiner fylkesrådmannen ikkje er eit argument som bør vektleggast sett i forhold til praksis andre stadar. Det er mange fylkeskommunale bussar (ordinere ruter og skuleruter) som går på kommunale vegar rundt omkring i fylke for å sikre at bussane går nærast der folk bur. I kommunane Voss, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Etne, Kvinnherad, Fusa, Tysnes og Vaksdal, som Skyss har sjekka nærare, er det til dømes 28 kommunale vegar det går fylkeskommunale bussar på. Skyss har også opplyst at det går fylkeskommunale bussar på kommunale vegar i Bømlo kommune.

Rutebussane vil framleis gå på gamle fv. 542 i Bømlo kommune. Det er likevel mogeleg at eventuelt framtidige ekspressbussar går langs nye fv. 542.

Fylkesrådmannen meiner det er eit viktig prinsipp om likebehandling i omklassifiseringssaker og i denne konkrete saka er det som vist ovanfor fleire moment i forhold til retningslinjer og kriterier som talar for å omklassifisere til kommunal veg.